

ÅRSMELDING 2019

FJOTLAND SOKN



Årsmeldinga er vedtatt av Fjotland sokneråd sak 007/2020, 04.03.2020

Innholdsfortegnelse:

- A. INNLEDNING v/leder**
- B. MENIGHETENS FRIVILLIGE OG ANSATTE**
- C. DE ULIKE ARBEIDSGRENENE**
- D. TROSOPPLÆRING**
- E. VOKSENARBEID**
- F. DIAKONI/MISJON**
- G. KIRKEMUSIKK**
- H. ØKONOMI**
- I. ÅRSMELDING TREKLANG**
- J. INFORMASJON**



Årsmelding for Fjotland Sokneråd 2019

Me har allereie skrive 2020 ei tid, og det er på tide å sjå tilbake på året 2019 i ei årsmelding.

Det har vore eit fint kyrkjeår med mye positivitet og god driv. Det er takknemleg å kunna sjå tilbake på eit år der mange menneske saman er med og jobbar for at kyrkja vår skal fortsetja å bety mye i mange menneske sine liv.

Den største aktiviteten me driv er gudstenestene, og derfor er det naturleg at denne blir jobba mest med og forsøkt å bli så god den kan for å næra kristenlivet i soknet. Når ein ser på oppmøtetal for gudstenestene har dette halde seg ganske stabilt med små nedgangar, eller små oppgangar. I 2019 hadde me ein liten oppgang. Dette har fleire naturlege grunnar, men kan også forklaraast med at noen gudstenester er blitt svært godt besøkt. Gudstenesten julafta på Fjotland og 2.juledag i Netlandsnes kan nemnast i denne samanheng. Julespelet som blei framført med så mange deltakarar i ulike aldrar på julafta er eit fint bilde på korleis me ønsker kyrkja vår skal framstå. Omfavnande og inkluderande! På Netlandsnes er gudstenesta 2.juledag blitt ein tradisjon for mange utflytta fjotlendingar .

I år vil eg også ta fram arbeidet som blir gjort for borna under gudstenestene. Lovise og Heidi, som har ansvar for desse, gjer ein god og flott jobb som me trur er med å på trekkja i rett retning når det gjeld gudstenestene. Me har også fleire unge/born som likar å delta med song, vera med i forbøn og elles bidreg med ulike ting. Det er veldig positivt.

Arbeidet som blir gjort i gudstenesteutvalet er også viktig. Eit siste aspekt som må nemnast når det gjeld gudstenestene er alle frivillige som deltek som kyrkjevertar, i forsongerkor og frivillige klokkarar.

I 2019 var val til nytt sokneråd også eit viktig arbeid. Med god hjelp fra kyrkjekontoret blei dette greitt gjennomført. Det var noe skuffande at valdeltakinga hadde ein forholdsvis stor nedgang og det måtte evaluere for å finne ut kva me kan gjere for å auka neste gong. Til tross for dette er me veldig fornøgd med det nye rådet som blei valgt. Det er ein flott gjeng med mange og ulike kvalitetar.

I 2019 fekk me fullført setta av kyrkjetekstil. Me mangle den raude messehakelen og det var eit ønske å få tilført denne. Kirsten Irgens som har laga dei andre setta blei førespurt og ho ville gjerne ha jobben.

Dermed fekk me fullført «samlinga» og me har nå kyrkjetekstil som vil «kle» kyrkjerommet i mange år framover.

Av aktivitetar som skjer utanom gudstenestane kan nemnast kveldsbønn og konsertar. I tillegg blir det halde andakt på Fjotland omsorgssenter. Konserten som Kvinlogsjentene held annakvart år før jul er blitt ei stor hending i bygda vår. Det er ein konsert som dreg mange menneske frå heile Kvinesdal og kommunane rundt. Konserten er ei stor oppleving kvar einaste gong den blir halden. Konserten i Netlandsnes kapell er òg blitt eit fast innslag som mange kjem for å vera med på år etter år.

2018 var eit år der ingen medarbeidarar slutta i jobben sin, men me fekk tilsett diakon. 2019 blei ikkje like positivt i så måte. Torhild Larsen Nygård som me er blitt så veldig glade i, valde å begynna å studera teologi og måtte difor seie frå seg jobben som organist. Eg må seie at dette var ei tung melding å få. Det er ikkje lett å få tilsett organistar. Like tungt som det var blei glede over at Ådne Svalastog ønskte å bytta organistjobben i Kvinesdal til Fjotland og Feda. Me er veldig takknemlege for dette og ønsker Ådne varmt velkommen. Me vil òg ønske Torhild lukke til i studiet sitt.

Me vil i denne årsmeldinga takka alle som bidreg både frivillige og tilsette. Me er takknemlege for alt arbeid som blir gjort for kyrkjelyden vår. Og sist, men ikkje minst vil me takka kvar enkelt som finn vegen til kyrkja!

For Fjotland Sokneråd

Marit Homme

B. FRIVILLIGE OG ANSATTE MEDARBEIDARE

SOKNERÅDET

Fram til valget Marit Homme, Birgitte Kvinlaug, Elise Orre, Lovise Jeanette Versland Egeland, Sissel Eftestøl Harbakk, Heidi Risnes, Sverre Elgvin Lied
Fra 1.nov. 2019 Marit Homme, Espen Rogstad, Birgitte Kvinlaug, Lovise Jeanette Versland Egeland, Sissel Eftestøl Harbakk Siv Anita Kvinlaug Narvestad, Heidi Lindefjeld, Sverre Elgvin Lied

GUDSTJENESTEUTVAL **Fram til 01.11.2019** Lovise Egeland Versland, May Britt Helle, Sissel Eftestøl Harbakk og Judith Kvlland Rogstad, Sverre Elgvin Lied og Torhild Larsen Nygård **Frå 01.11.2019** Judith Kvlland Rogstad, May Britt Helle, Heidi Lindefjell, Sissel Eftestøl Harbakk, Sverre Elgvin Lied og Ådne Svalastog

SOKNERÅDETS REPRESENTANTAR I FELLESRÅDET:

Fram til 01.12.19 Marit Homme og Birgitte Kvinlaug. Vara: Sissel Harbakk og Heidi Risnes. **Frå 01.12.19** Marit Homme, Siv Anita Kvinlaug Narvestad, Vara: Sissel Eftestøl Harbakk, Birgitte Kvinlaug

KYRKJELYDENS KONTAKTPERSON FOR KIRKENS NØDHJELP

Marit Homme

FRIVILLIGE KLOKKARE:

Odd Stakkeland, Per Øistein Rogstad og Marit Homme.

MENIGHETSBLADET TREKLANG(Felles):

Leiv Gunnar Skiftun (red) og Merete Breimoen.
Per Øistein Rogstad er grafisk medarbeider.

ANSATTE KIRKEKONTORET:

Sokneprest i Feda og Fjotland: Sverre Elgvin Lied
Sokneprest i Kvinesdal: Leiv Gunnar Skiftun
Diakonimedarbeider: Frank Arne Hammerø
Trosopplærer: Cathrine Rafoss Aagedal
Organist: Torhild Larsen Nygård(våren 2019) og Ådne Svalastog
Kyrkjeverje: Per Øistein Rogstad
Adm. sekr: Turid Nedland
Sekretær: Sylvi Vatland
Kyrkjegardsarbeidarar: Djoerd Van Kammen, Terje Vatland
Kyrkjetener i Fjotland: Espen Rogstad
Kyrkjetener/kyrkjeverje i Netlandsnes/Knaben: Tom Arnold Lindefjell ,Tor Alsvik, Jenny Alsvik Olaug Eftestøl har vore frivillige hjelparar

C. DE ULIKE ARBEIDSGREINER

GUDSTENESTENE

År	2015	2016	2017	2018	2019
Antall gudstenester	35	35	32	33	34
Gj.snitt gudstenestebesøk	65	59	54	53	61
Gj.snitt nattverdgjester	28	29	21	32	31
Samla offergåver	99335	77568	68854	85350	100791
Dåp	11	10	4	7	5
Konfirmerte	6	6	9	0	6
Vielser	1	2	2	2	3
Gravferd	6	11	14	8	11

GUDSTJENESTENE

Gudstjenesten er menighetens hovedsamling. Det er derfor stadig vårt mål å få flere med på gudstjenestene. Gjennomsnittstallet for nattverdbesøkende har vært ganske stabilt de siste årene med kun små variasjoner opp og ned. Årets tall er på samme nivå. For juliftengudstjenesten har vi derimot sett en jevn og gradvis økning over de siste 5 år. Også i 2019 økte oppslutningen noe fra fjaråret.

Gjennomsnittstall for gudstjenestebesøk på søn- og helligdag (inkludert Netlandsnes og Knaben) er relativt stabilt. Det er naturlig å regne med noen svingninger her, f.eks. i lys av antall konfirmanter, dåp, m.m. En liten oppgang i 2019 synes å være innenfor normal svingning i en relativt stabil situasjon.

Helhetsinntrykket er at situasjonen er ganske stabil i Fjotland sokn. Det er jevnt over god oppslutning om breddetiltak i trosopplæringen. Blant de faste kirkegjengerne har vi noen familier med barn. Tilretteleggingen for familier og barn begynner å bli bedre: tilbudet om søndagsskole parallelt med gudstjenesten har variert litt, men har fra siste halvdel av høstsemesteret blitt mer fast.

GUDSTENESTEUTVAL

Gudstenesteutvalet har hatt 4 møter. Det har blitt jobba med å legge til rette for auka deltagelse (uansett alder) i gudstenestane, og håper det kan auke gudstenestebesøket.

Fleire songsolistar i alle aldrar har vore med på å løfta gudstenestene i 2019. Dessutan har det vært med flott gjeng med forsangere på fleire gudstenester.

SOKNERÅDSMØTER.

Fjotland sokneråd har hatt 6 møter og behandla 20 saker.

D.TRUSOPPLÆRING/UNDERVISNING

SKULE/BARNEHAGE GUDSTENESTER

Det har vore ein skulegudsteneste i Fjotland kyrkje, og den var før jul. Nokre barn frå Fjotland barnehage var også med.

Det var og påskevandring med 1. og 2. klasse i kyrkja.

I etterkant av utdeling av NT for 5.klasse, blir det halde bibelkurs på skulen.

FAMILIEGUDSTENESTER

Det har vore familiegudstenester i Fjotland kyrkje med utdeling til 3, 4 og 6 åringar dette året. Det har vore opp imot 100% oppmøte på alle desse utdelingene.

I tillegg har det vore ei gudsteneste der Between deltok. Då var Cathrine Aagedal med på Between uka føre og planla gudstenesten med gjengen der. På denne gudstenesta fekk og 5. klasse NyTestamentet.

JULEVANDRING

Kyrkjelydane i Kvinesdal inviterer alle barnehagane i kommunen til å delta på julevandring. Julevandringa er i kyrkjerommet. Det er eit slags skuespel, der ingen er tilskodrarar, alle har roller. Vi vandrar saman med Keisar Augustus og dei tre vise menn. Etter kvart kjem englar og hyrdar med i vandringa – og rett før Betlehem møter vi Maria og Josef. Det er barna som har dei fleste rollene – og alle får fine kostymer på. Barna lærer om julas bodskap gjennom oppleving og aktiv deltaking.
Fjotland barnehage var med på julevandring.

BABYSANG

Babysong er eit breiddetiltak for Feda/Kvinesdal/Fjotland.

Babysong er på menighetssenteret i Kvinesdal. Opplegget er enkelt der vi har ei lita sangstund først og etterpå et vi lunsj saman. Det er kvar tysdag kl. 11.00.

Babysong har vore på besøk på Kvinesdal bo og omsorgssenteret to gonger i 2019.

I løpet av året er det innom mellom ca. 40 babyar med mødre/fedre.

Nokre frå Fjotland kyrkjelyd har vore med på babysong.

LYSVAKEN

Lysvaken blei flytt til fyrste helga i 2020

TÅRNAGENTAR

I 2019 deltok 3 Tårnagenter i Fjotland. Dei fekk utforske kyrkja, løyst oppdrag og planlagt gudsteneste. Gudstenesta sundag blei ei flott oppleving der Tårnagentane bidrog med mange oppgåver.

HEILT PÅ JORDET FESTIVALEN

Kvar år i juni er Heilt på jordet festivalen – ein kristen familiefestival. Festivalen har eigen komite som arbeider med festivalen.

I 2019 ble Heilt på jordet arrangert 1. juni. Det var i underkant av 750 besøkande på festivalen.

Frivillige frå Fjotland er med og hjelper til under festivalen.

KONFIRMANTER

Konfirmantkullet 2018-19

Det var seks konfirmanter dette året. I og med at det ikke var konfirmanter i Fjotland forrige år, var dette kullet det første i Fjotland etter endringen med nytt konfirmasjonstidspunkt på høsten i stedet for våren, og deltakelse på sommerleir. Konfirmantene har hatt noe undervisning i Kyrkjestova rett etter skoletid, og noe på kveldstid på Menighetssenteret i Kvinesdal, i fellesskap med resten av konfirmantkullet her, og med ungdomscafé i kjelleren etterpå. Dette har fungert godt. De har for øvrig fulgt et variert undervisningsopplegg, med besøk av eksterne aktører, deltakelse i ulike arrangement, involvering i gudstjenester (bl.a. lysmesse og ungdomsgudstjeneste) og ikke minst hjemmegrupper som et viktig element. Vi retter en stor takk til Oddbjørn og Hilde Stakkeland som hadde hjemmegruppe sammen med konfirmantene. Et av høydepunktene i konfirmantåret var deltakelsen på KRIKs store sommerleir i Bø. Av de som deltok fikk vi svært gode tilbakemeldinger på denne. Som praktisk diakonal oppgave deltok konfirmantene i innsamling til et prosjekt i Estland gjennom NMSU. Fokuset her har vært på to delprosjekter, begge drevet av den lutherske kirken i landet: Det ene er et fotballprosjekt som kan minne litt om KRIK i Norge, men med en noe tydeligere diakonal profil. Det andre er et kristent mediearbeid rettet mot ungdom, Plussmedia. Konfirmantåret ble avsluttet med konfirmasjon i Fjotland kirke søndag 1. september.

Konfirmantkullet 2019-20

8 konfirmanter startet opp i høst (9 etter nyttår), og vi følger i hovedsak samme mal som fjoråret med variert undervisningsform, hjemmegrupper, deltakelse på gudstjenester og ungdomsklubb (KRIK) og sommerleiren KRIK KonfAction i Bø. Undervisningen startet opp med Kickoff-samling 8. oktober, og konfirmantene ble presentert på gudstjenesten 27. oktober. Denne gangen har vi delt konfirmantene i to hjemmegrupper, én jentegruppe og én guttegruppe.

Hjemmegruppeledere er Sissel og Tom Arnold Lindefjeld og Judith og Per Øistein Rogstad. Vi retter en stor takk til dem for innsatsen med hjemmegruppene!

E. UNGDOM/VOKSENARBEID

KRIK

KRIK Kvinlog pleier å samles annenhver fredag kl 20.00 i gymsalen på Kvinlog. Kalender med planlagte samlinger finnes på www.kvinlogbedehus.no, og på facebooksida. Samlingene er for ungdomsskolen og oppover og pleier å være mellom 10 og 20 stk. Vi har masse moro med oppfinnsomme stafettar, konkurransar og ballspill. Eit avbrekk med andakt er også med. Etterpå er det pølser å få på bedehuset og litt sosialt for dei som vil det. Vi avslutter med en konkurranse «kveldens utfordring» som varierer i innhold og både til jul og vår kåres en vinner gjennom året som gikk.

F. MISJON

MISJONSPROSJEKT

«Fotball krysser grenser» Misjonsalliansen er fra 25.11.2017 til 26.11. 2020 . Det er i år samla inn kr 15.029,-. Dette kommer godt med, og utgjer en stor forskjell.

G. KIRKEMUSIKK/KONSERTER

Forsangerkoret har delteke på fleire gudstenester.

Konserten som Kvinlogsjentene held annakvart år før jul er blitt ei stor hending i bygda vår. Det er ein konsert som dreg mange menneske frå heile Kvinesdal og kommunane rundt. Konserten er ei stor oppleving kvar einaste gong den blir halden. Dette året valte Kvinlogsjentene og selge billetter og overskotet på kr 37.985 blei sendt til «Star of hope».

Konserten i Netlandsnes kapell er også blitt eit fast innslag som mange kjem for å vera med på år etter år.

H. ØKONOMI

REGNSKAP

Disposisjonsfond Fjotland sokneråd	2019	2018
Disposisjonsfond pr. 01.01.	34947	28112
Overskudd	19005	6835
Underskudd		
Forbruk av disposisjonsfond i driftsregnskapet	50000	
Disposisjonsfond pr. 31.12.	3952	34947

Rekneskapen hadde eit meirforbruk for soknerådet (underskot) for 2019 på kr 3269.

Bruk av fond på kr 50.000 finansierte innkjøp av ny rød messehakel.

Ofringar og gaver (tall for 2018 og 2017 i parantes)

Kyrkjeofringar til kyrkjelydsarbeidet	kr 21.946 (15.785, 21.780)
Kyrkjeofringar til andre	kr 78.845 (69.565, 47.074)
Fasteaksjonen	kr 0.000 (0.000, 12.606)

I. ÅRSMELDING TREKLANG 2019

ÅRSMELDING 2019

Menighetsbladet TREKLANG, som er felles for menighetene i Kvinesdal, Feda og Fjotland, kom i 201 (2018 i parantes) med i alt 4 (4) nummer med 96(100) sider. Treklang ønsker å formidle informasjon om det som skjer i menighetene og sette fokus på positive ting fra vårt lokalmiljø. Vi ønsker også å løfte fram enkeltpersoner og tiltak som bygger felleskap. Gjennom Treklang har folk fortalt om sine liv og sin tro, eller valgt «min salme.» Redaksjonen setter pris på de innspill som kommer til stoff som ønskes i bladet
Bladet ble trykket i flerfarge-trykk hos Fuglseth Trykkeri.

Redaksjonen har i 2019 har bestått av Leiv Gunnar Skiftun (red) og Merete Breimoen.. Preben Forgard Lindland har hatt ansvaret for å finne noen til å skrive «Min tro» og «Min salme».

I tillegg til redaksjonen inviteres personer i menighetene til å levere stoff til bladet.

Grafisk medarbeider har vært Per Øistein Rogstad.

Merkantilt ansatte ved kirkekontoret har hatt regnskapsansvar og sendt ut brev til annonsører.

Regnskapet blir ført under Kvinesdal Menighetsråd og revideres sammen med menighetsrådets regnskap. Regnskapet for 2019 viser et overskudd på 33.606 (39.396). Trykke-kostnader var kr. 71.761 (54.050), mens porto var kr. 32.758 (32.758).

Inntektene består av frivillige gaver til bladets drift kr. 105.200 (79.725), samt annonser kr. 41.200 (49.200). Et solid driftsfond sikrer god likviditet, og gir grunnlag for videre satsing. Etter vedtak i styret deles overskudd mellom Kvinesdal Menighetsråd (70%) Feda menighetsråd (15%) og Fjotland sokneråd (15%). Etter vedtak i Treklang sitt styre går et evt. overskudd til diakoniarbeidet i menighetene.

Bladet er et viktig bidrag til informasjon om ting som skjer i menighetene.

Tilbakemeldingene fra leserne tilsier at bladet blir lest grundig.

For redaksjonen:

Leiv Gunnar Skiftun (redaktør)

J.INFORMASJON

HEIMESIDA

Treklang og nettside. Dette er kyrkjelydens viktigaste informasjonskanaler. Treklang blir lest av veldig mange. Også i 2019 ble det et godt overskudd for bladet som kommer menighetene til gode. Kyrkja si nettside ble relansert hausten 2018 med sikker adresse og nytt design. Vi vurderer stadig korleis sida kan bli bedre.

Alle menighetene har nå egne facebooksider. Pr 22.01.2020 har facebooksidene følgende liker, ett år tidligere i parentes: Kvinesdal 320 (296), Fjotland 257 (247) og Feda 199 (166). Menighetssenteret har egen side med 418 liker.